



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Heradsstyret



Møtedato: 21.02.2024

Møtetid: 16:00 -22:00

Møtestad: Lonevåg, rådhuset- Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Lars Fjeldstad	ordfører	SP
Kurt Ove Øksnes	medlem	FRP
Alexander Thunestvedt	varaordfører	AP
Turid Bjørndal Njåstad	medlem	SP
Helge Valestrand Edvardsdal	medlem	SP
Gerd Karin Njaastad	medlem	SP
Johannes Haugland	medlem	SP
Janne Daltveit Tveit	medlem	SP
Frode Flesland	medlem	SP
Herdis Helle	medlem	AP
Ann Kristin Borge	medlem	AP
Geir Olsen	medlem	AP
Jarle Skeidsvoll	medlem	KRF
Bjarte Hammer Aarland	medlem	KRF
Roy Håkon Jenssen	medlem	SV
Kim Andre Hartveit	medlem	FRP
Sigmund Arve Faugstad	medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	medlem	FRP
Helene Oppedal Flølo	medlem	FRP
Ruben Nielsen	medlem	FRP
Sebastian Andre Haugland	medlem	H
Johannes O Borge	medlem	H
Aksel Mjøs	medlem	H
Roald Waldemar Martinsen	medlem	H
Roy Husebø	medlem	INP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Renathe Tangen	MEDL	V
Trygve Tønnessen	MEDL	INP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti	Merknad
Odd Roald Ravndal	Renathe Tangen	V	
Stian Torp	Trygve Tønnessen	INP	
Kristin Kleppe		SP	Vara for T. Njåstad fram til kl. 16:45
Kjellaug Hartveit		SP	Gildskapsvara for J. D. Tveit i sak 07/24

Følgjande frå administrasjonen møte:

Kommunedirektøren og politisk-adm. sekretariat

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS 1/24	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 2/24	Godkjenning av møtebok
PS 3/24	Referatsaker og meldinger
PS 4/24	Krav om lovlegkontroll av sak HS094/23
PS 5/24	Krav om sakskostnader etter vedtak i sak PS 95/2023 om sal av eigedom gnr 62/6 - Haus - Hetlevikhuset
PS 6/24	Oppgradering av Osterøy ungdomsskule
PS 7/24	OFFENTLEG HØYRING. REGULERINGSPLAN FOR MJELSTAD DEPONI - 2. gong handsaming.
PS 8/24	Forlenging av kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial
PS 9/24	Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune, Austrheim kommune, Modalen kommune og Osterøy kommune om felles legevakt og legevaktsentral
PS 10/24	Søknad om auke i festeavgift for 2024 - Osterøy kyrkjelege sokneråd
PS 11/24	Retningslinjer for frivilligsentral
PS 12/24	Prestekaia på Hamre
PS 13/24	Politisk deltaking i KPA-arbeidet
PS 14/24	Årets Ostring
PS 15/24	Supplering av medlem/varamedlem for FRP til formannskapet 2023-2027
PS 16/24	Supplering av varamedlem for FRP til plan- og kommunalteknisk utval 2023-2027
PS 17/24	Val av nytt ungdomsråd
PS 18/24	BIR AS - Val av kandidat til styret, bedriftsforsamlinga og klagenemnd for perioden 2024-2028
PS 19/24	Val av representant til landstinget for nynorskkommunar
PS 20/24	Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Lars Fjeldstad

Ordfører

PS 1/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 1/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Sigmund Faugstad, FRP, varsla to spørsmål til slutten av møte: ras på Bruvikvegen og sakslisvegen ved Njåstad.

Det var ingen merknader til innkalling og saksliste

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 1/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og sakslista vert godkjend

PS 2/24 Godkjenning av møtebok

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 2/2024 Godkjenning av møtebok:

Det var ingen merknader til møtebok

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 2/2024 Godkjenning av møtebok:

Møteprotokoll frå 06.12.2023 vert godkjend

PS 3/24 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 3/2024 Referatsaker og meldinger:

Nytt forslag Frå Aksel Mjøs (H)

1. "I utredningsprogrammet for ny 420kV forbindelse Samnanger Øygarden vert Statnett særleg oppfordra til å sikra at alle deler av konsekvensutgreiinga vert gjort med krav til objektivitet, kvalitet og transparens og konkret sikring av rådgjevarane sin uavhengighet overfor Statnett som oppdragsgjevar."

Voting

Forslaget vart samrøystes vedteke

Nytt forslag Frå Aksel Mjøs (H), Kim Andre Hartveit (FrP)

1. "Sak nr 5 skal førebust av kommunedirektøren i tråd med vedtak i HS - 029/23 og leggst fram for heradsstyret til ordinær handsaming i førstkomande møte. Intensjonsavtalen med Alver kommune er for ugyldig å rekna fram til Heradsstyret har fatta endeleg vedtak då kommunedirektøren ikkje har mynde til å inngå avtalar om kommunalt oppgåvefelleskap, jfr. Kommunelova § 19-1."

Voting

Totalt 13 røyster for, 14 røyster mot.

Røysta for parti: FrP (6 røyster), H (4 røyster), INP (2 røyster), V (1 røyst)

Røysta mot parti: SP (7 røyster), AP (4 røyster), KrF (2 røyster), SV (1 røyst)

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 3/2024 Referatsaker og meldinger:

Referatsakene vert tekne til vitande.

Heradsstyret gjorde slikt vedtak i RS 6: I utredningsprogrammet for ny 420kV forbindelse Samnanger Øygarden vert Statnett særleg oppfordra til å sikra at alle deler av konsekvensutgreiinga vert gjort med krav til objektivitet, kvalitet og transparens og konkret sikring av rådgjevarane sin uavhengighet overfor Statnett som oppdragsgjevar.

PS 4/24 Krav om lovlegkontroll av sak HS094/23

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 4/2024 Krav om lovlegkontroll av sak HS094/23:

Innstilling frå kommunedirektøren

Vedtak av 29.11.23 i sak nr 094/23 vert oppretthalde og krav om lovlegkontroll av vedtak i heradsstyret 29.11.23 i sak 094/23 vert send til Statsforvaltaren i Vestland for handsaming.

Votering

Totalt 18 røyster for, 9 røyster mot.

Røysta for parti: SP (7 røyster), AP (4 røyster), H (4 røyster), KrF (2 røyster), SV (1 røyst)

Røysta mot parti: FrP (6 røyster), INP (2 røyster), V (1 røyst)

Nytt forslag Frå Kim Andre Hartveit (FrP)

Framlegg til vedtak i sak 4/24

Lovlegkontrollen vert tatt til følge og vedtak i sak 094/24 vert oppheva. Vedtak i sak 057/23 blir ståande som gjeldande vedtak.

Grunngjeving:

Heradstyret undergrev sine eigne planprosessar ved å la vedtak i sak 094 bli ståande. Kommunen har ein pågåande KPA prosess der området er omtala med endring av føremål. Dette er handsama i siliingsprosessen i arbeidsgruppa for KPA der endring av føremål er foreslått og vedtatt.

I NVE sitt skredsonkart ligg området inne som utløpsområde for skred. Dette er ikkje tatt med som ein del av planinitiativet. Dersom vedtak i sak 094 vert oppheva, vil dette verte ein del av vurderinga i KPA, medan det no vert lagt til grunn det som er sendt inn frå tiltakshavar. Området ligg trass alt i eit gammalt utløpsområde for skred. Skred gjekk i området i 1965, og det skredet gjekk like til fylkesvegen. Altså tvers over tiltaksområdet. Kommunen har og fått oversendt geolograpport som tydeleg viser at det er stor skredfare i området. Her kan kommunen potensielt pådra seg erstatningsansvar. Kommunedirektøren hevdar at vedtaket er ei prosessuell beslutning. Ut frå saksframlegget og med referanse til tidlegare vedtak av planoppstarter, så er det openbert at dette er eit enkeltvedtak. Dersom kommunedirektøren verkeleg hadde meint at dette var ei prosessuell beslutning, ville ikkje sak 094 hatt overskrifta « - Krav om omgjerding av Heradsstyret sin avgjerd om å avvise planinitiativ». Sak 094 omhandla altså eit krav om ei omgjerding av eit tidlegare vedtak, altså ei klagesak. Ei klagesak er alltid eit enkeltvedtak jamfør NOU og veileder for forvaltningslova. Uansett om opprinnelig vedtak var eit enkeltvedtak eller ei prosessuell beslutning om å avvise et planinitiativ. Saka har dermed åpenlys karakter som eit enkeltvedtak.

Votering

Totalt 9 røyster for, 18 røyster mot.

Røysta for parti: FrP (6 røyster), INP (2 røyster), V (1 røyst)

Røysta mot parti: SP (7 røyster), AP (4 røyster), H (4 røyster), KrF (2 røyster), SV (1 røyst)

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 4/2024 Krav om lovlegkontroll av sak HS094/23:

Vedtak av 29.11.23 i sak nr 094/23 vert oppretthalde og krav om lovlegkontroll av vedtak i heradsstyret 29.11.23 i sak 094/23 vert send til Statsforvaltaren i Vestland for handsaming.

PS 5/24 Krav om sakskostnader etter vedtak i sak PS 95/2023 om sal av eigedom gnr 62/6 - Haus - Hetlevikhuset

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 5/2024 Krav om sakskostnader etter vedtak i sak PS 95/2023 om sal av eigedom gnr 62/6 - Haus - Hetlevikhuset:

Innstilling frå kommunedirektøren

Krav dagsett 05.01.24 frå HLT Advokatfirma AS på vegne av Kaikanten AS om dekking av sakskostnader vert avslått.

Votering

Totalt 19 røyster for, 8 røyster mot.

Røysta for parti: SP (7 røyster), AP (4 røyster), H (4 røyster), KrF (2 røyster), V (1 røyst), SV (1 røyst)

Røysta mot parti: FrP (6 røyster), INP (2 røyster)

Nytt forslag Frå Stian Torp (INP)

Vedtaket er endra til gunst for klagar. Det er stilt opp klare vilkår for salet som ikkje var der i første vedtak. Det er ikkje tilstrekkeleg å seie at det er «sjølvstøtte» at kommunen følgjer alt regelverk (t.d. til offentleg støtte). Det er mange nok døme på at det ikkje har skjedd i denne og andre kommunar, og den som vil påpeike det kunne etter første vedtak berre gått til domstolane med dei kostnader og tidsbruk det har. No utgjør vedtaket grunnlag for å påpeike og forfølge eventuelle feil.

Det var klagen som gjorde at HS fatta nytt, endra og forbetra vedtak. Det brukte klagar utgifter til advokat på, og det har klagar krav på å få erstatta. Utfallet er eit betre vedtak for kommunen og heile Osterøy.

Første vedtak innebar utøving av offentleg mynde, ved at det delegerte til kommunedirektøren å selje huset, utan å avgrense mot offentleg støtte til denne aktøren, jf opplysningane i saka om låg kjøpesum.

Kaikanten AS har vist interesse for Hetlevikhuset og har gitt tilbod om kjøp. Vedtaket som er oppheva framstår som eit forsøk på omgåing av partsinteressa til ein aktør som Kaikanten AS, som gjennom engasjementet sitt i kjøp av huset oppfyller lovas vilkår om at «saken ellers direkte gjelder» vedkomande.

Dekning av saksomkostningar dekkes.

Votering

Totalt 8 røyster for, 19 røyster mot.

Røysta for parti: FrP (6 røyster), INP (2 røyster)

Røysta mot parti: SP (7 røyster), AP (4 røyster), H (4 røyster), KrF (2 røyster), V (1 røyst), SV (1 røyst)

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 5/2024 Krav om sakskostnader etter vedtak i sak PS 95/2023 om sal av eignedom gnr 62/6 - Haus - Hetlevikhuset:

Krav dagsett 05.01.24 frå HLT Advokatfirma AS på vegne av Kaikanten AS om dekking av sakskostnader vert avslått.

PS 6/24 Oppgradering av Osterøy ungdomsskule

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 6/2024 Oppgradering av Osterøy ungdomsskule:

Nytt forslag Frå Kim Andre Hartveit (FrP)

fellesforslag frå frp, høgre, inp og venstre

Saka vert utsett til moglegstudien som vart bestilt i sak 049/23 er lagt fram for heradstyret for handsaming og vedtatt i løpet av 2024

Grunngjeving:

I sak 049/23 bestilte eit samrøystes heradstyre ein moglegstudie for å sikre ein ungdomsskule for framtida. Heradstyret var tydeleg på at me skulle tenke framover (for dei neste 50 åra) når noko slikt skulle vedtas. Dette dokumentet er viktig for å kunne få ein heilskapeleg og god pengebruk og ikkje minst ein ungdomsskule som gir gode rammer for moderne undervisning og som er ein god arena som gir lærelyst og gode resultat. Dagens bygg er fra 1968, og det har truleg utspelt si rolle. Kommunedirektøren med administrasjon har ikkje på nokon måte svara ut den bestillinga som Heradstyret gjorde i sak 049/23, og det må gjerast før saka får ein konklusjon. Det er nok ein gong kritikkverdig at Heradstyret sine vedtak ikkje vert følgt opp i tråd med vedtak.

Framlegget som vart samrøystes vedteke i sak 049/23

«Alle alternativ legg til grunn at symjehallen ikkje skal ligga ved ungdomsskulen. Moglegheitsstudien for skulen skal: - ha eit 50-års perspektiv - ha ein teknisk tilstandsrapport for dagens bygg (ekskludert symjebassenget) - inkludera ein aula / sal - ha følgjande alternativ: 1. Rehabilitering dagens skule, dvs behalde bygget som i dag, men reparere og oppgradere til dagens standard og krav (om mogleg) 2. Transformere dagens skule, der delar av dagens bygg vert gjenbrukt på ny måte, og bygget framstår som nytt. Delvis riving, delvis påbygging er aktuelt 3. Rive dagens bygningsmasse og bygge ny skule på same tomt For kvart alternativ skal moglegheitsstudien ha enkle vurderingar av desse tema: - byggetid - kvalitet for brukarane (byggemateriale, universell utforming, brukaroppleving m.m.) - miljø/energi - kostnader (grovt estimat) og usikkerheit i kostnadene Kommunedirektøren kan supplere med fleire tema.

Heradsstyret ynskjer å få utgreidd eit «Multifunksjonsbygg» som til dømes kan innehalde Symjeanlegg / Badeanlegg, Bibliotek, Legekontor, Fysioterapi, kulturhus / Aula, e-sportsenter, kommunale kontor med meir. Plassering av bygget kan kanskje være i området Hatland skulesenter/ idrettshallen. Ny symjehall må stå ferdig før OUS kan verte riven.

Finansiering av moglegheitsstudien vert å dekke via disposisjonsfondet.

Votering

Totalt 13 røyster for, 14 røyster mot.

Røysta for parti: FrP (6 røyster), H (4 røyster), INP (2 røyster), V (1 røyst)

Røysta mot parti: SP (7 røyster), AP (4 røyster), KrF (2 røyster), SV (1 røyst)

Innstilling frå formannskapet

Heradsstyret tek oppgradering til Osterøy ungdomsskule til vitande. Kommunedirektøren blir beden om å iverksette oppgradering slik saksutgreiing ligg føre.

Votering

Totalt 16 røyster for, 11 røyster mot.

Røysta for parti: SP (7 røyster), AP (4 røyster), H (2 røyster), KrF (2 røyster), SV (1 røyst)

Røysta mot parti: FrP (6 røyster), INP (2 røyster), H (2 røyster), V (1 røyst)

Røysta for personar: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Roy Håkon Jenssen (SV)

Røsyta mot personar: Helene Oppedal Flølo (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Roy Husebø (INP), Stian Torp (INP), Odd Roald Ravndal (V)

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 6/2024 Oppgradering av Osterøy ungdomsskule:

Heradsstyret tek oppgradering til Osterøy ungdomsskule til vitande.

Kommunedirektøren blir beden om å iverksette oppgradering slik saksutgreiing ligg føre.

PS 7/24 OFFENTLEG HØYRING. REGULERINGSPLAN FOR MJELSTAD DEPONI - 2. gong handsaming.

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 7/2024 OFFENTLEG HØYRING. REGULERINGSPLAN FOR MJELSTAD DEPONI - 2. gong handsaming.:

Janne Daltveit Tveit, SP, ønskja sin gildskap vurdert då hennar dotter er sambuar med ein av grunneigarane som vert omfatta av planen.

Janne Daltveit Tveit, SP, forlet møte.
Kjellaug Hartveit, SP, møtte som vara.

Fulltalig heradsstyret

AVRØYSTING GILDSKAP:

Janne Daltveit Tveit, SP, vert kjend gild då heradsstyret ikkje fann henne ugild etter fvl. §6.

Kjellaug Hartveit, SP, forlet møte.
Janne Daltveit Tveit, SP, kom tilbake i møte.

Innstilling frå plan- og kommunalteknisk utval

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 tilrår Plan- og kommunalteknisk utval at forslaget til reguleringsplan for utviding av Mjelstad deponi PlanID 4630_2021001 vert lagt ut til offentlig høyring, med frist for å levere merknader 05.04.2024.

Plan- og kommunalteknisk utval tilrår at tidlegare reguleringsplan Mjelstad restdeponi, PlanID 4630_504_65 frå 1998, vert oppheva samtidig med vedtak av ny reguleringsplan PlanID 4630_2021001 (Plan- og bygningslova §12-12, jf. §12-14)

Endringframlegg:

Plan og kommunalteknisk utval ber at om administrasjonen – før heradstyret si handsaming – undersøker om planføresegnene er oppdaterte. Det vert gjort særskilt merksam på at føresegner om massehandtering må oppdaterast i samsvar med samfunnsplanen.

3. Fellesføresegner for heile planområdet

3.4 Massehandtering.

Dersom det ikkje er massebalanse, må det utarbeidast ein massehandteringsplan parallelt med planarbeidet. Overskotsmassar skal nyttast best mogleg og med kortast mogleg

transport for å auke og betre tilhøve for jordbruk og skogbruksdrift. Dette må i størst mogleg grad nyttast lokalt for å auke areal som kan haustast og nyttast maskinelt.

Votering

Forslaget vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 7/2024 OFFENTLEG HØYRING.
REGULERINGSPLAN FOR MJELSTAD DEPONI - 2. gong handsaming.:

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 vedtek heradsstyret at forslaget til reguleringsplan for utviding av Mjelstad deponi PlanID 4630_2021001 vert lagt ut til offentlig høyring, med frist for å levere merknader 05.04.2024.

Heradsstyret opphevar tidlegare reguleringsplan Mjelstad restdeponi, PlanID 4630_504_65 frå 1998, samtidig med vedtak av ny reguleringsplan PlanID 4630_2021001 (Plan- og bygningslova §12-12, jf. §12-14)

Endringframlegg:

Heradsstyret ber at om administrasjonen undersøker om planføresegnene er oppdaterte. Det vert gjort særskilt merksam på at føresegner om massehandtering må oppdaterast i samsvar med samfunnsplanen.

3. Fellesføresegner for heile planområdet

3.4 Massehandtering.

Dersom det ikkje er massebalanse, må det utarbeidast ein massehandteringsplan parallelt med planarbeidet. Overskotsmassar skal nyttast best mogleg og med kortast mogleg transport for å auke og betre tilhøve for jordbruk og skogbruksdrift. Dette må i størst mogleg grad nyttast lokalt for å auke areal som kan haustast og nyttast maskinelt.

PS 8/24 Forlenging av kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 8/2024 Forlenging av kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial:

Innstilling frå kommunedirektøren

Heradstyret vedtek forlenging av kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial ut 2024

Votering

Forslaget vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 8/2024 Forlenging av kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial:

Heradstyret vedtek forlenging av kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial ut 2024

PS 9/24 Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune, Austrheim kommune, Modalen kommune og Osterøy kommune om felles legevakt og legevaktsentral

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 9/2024 Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune, Austrheim kommune, Modalen kommune og Osterøy kommune om felles legevakt og legevaktsentral:

Innstilling frå kommunedirektøren

Heradsstyret vedtek avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune, Austrheim kommune, Modalen kommune og Osterøy kommune om felles legevakt og legevaktsentral

Votering

Forslaget vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 9/2024 Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune, Austrheim kommune, Modalen kommune og Osterøy kommune om felles legevakt og legevaktsentral:

Heradsstyret vedtek avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune, Austrheim kommune, Modalen kommune og Osterøy kommune om felles legevakt og legevaktsentral

PS 10/24 Søknad om auke i festeavgift for 2024 - Osterøy kyrkjelege sokneråd

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 10/2024 Søknad om auke i festeavgift for 2024 - Osterøy kyrkjelege sokneråd:

Innstilling frå formannskapet

Heradsstyret vedtek å auke festeavgifta til kr 550,- pr. år pr. grav, samt auke avgift ved reservasjon av grav i inntil 20 år til kr 6000,-, gjeldande frå 1. januar 2024

Voting

Totalt 19 røyster for, 8 røyster mot.

Røysta for parti: SP (7 røyster), H (4 røyster), AP (4 røyster), KrF (2 røyster), V (1 røyst), SV (1 røyst)

Røysta mot parti: FrP (6 røyster), INP (2 røyster)

Nytt forslag Frå Kim Andre Hartveit (FrP)

Festeavgift og avgift for reservasjon av grav vert halde som idag. I reserverte graver har også den sist gravlagde 25 års frigravperiode.
fellesforslag fra frp\inp

Voting

Totalt 8 røyster for, 19 røyster mot.

Røysta for parti: FrP (6 røyster), INP (2 røyster)

Røysta mot parti: SP (7 røyster), H (4 røyster), AP (4 røyster), KrF (2 røyster), V (1 røyst), SV (1 røyst)

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 10/2024 Søknad om auke i festeavgift for 2024 - Osterøy kyrkjelege sokneråd:

Heradsstyret vedtek å auke festeavgifta til kr 550,- pr. år pr. grav, samt auke avgift ved reservasjon av grav i inntil 20 år til kr 6000,-, gjeldande frå 1. januar 2024

PS 11/24 Retningslinjer for frivilligsentral

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 11/2024 Retningslinjer for frivilligsentral:

Innstilling frå kommunedirektøren

Framlegg til retningslinjer vert lagt ut på høyring. Retningslinjene for frivilligsentral vert gjort kjent gjennom kommunen sine kanalar, og vi oppmodar om tilbakemeldingar frå innbyggjarar, lag og organisasjonar.

Votering

Forslaget vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 11/2024 Retningslinjer for frivilligsentral:

Framlegg til retningslinjer vert lagt ut på høyring. Retningslinjene for frivilligsentral vert gjort kjent gjennom kommunen sine kanalar, og vi oppmodar om tilbakemeldingar frå innbyggjarar, lag og organisasjonar.

PS 12/24 Prestekaia på Hamre

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 12/2024 Prestekaia på Hamre:

Innstilling frå formannskapet

Osterøy kommune reparerer ikkje Prestekaia på Hamre, eller set i stand området rundt kaia, før 1000 års jubileet for Hamre kyrkjestad i mai 2024.

Voting

Forslaget vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 12/2024 Prestekaia på Hamre:

Osterøy kommune reparerer ikkje Prestekaia på Hamre, eller set i stand området rundt kaia, før 1000 års jubileet for Hamre kyrkjestad i mai 2024.

PS 13/24 Politisk deltaking i KPA-arbeidet

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 13/2024 Politisk deltaking i KPA-arbeidet:

Nytt forslag Frå Alexander Thunestvedt (AP)

Dagens plan og kommunalteknisk utval har funksjon som politisk arbeidsgruppe i KPA-Arbeidet.

Votering

Totalt 26 røyster for, 1 røyst mot.

Røysta for parti: SP (7 røyster), FrP (6 røyster), AP (4 røyster), H (4 røyster), KrF (2 røyster), INP (2 røyster), SV (1 røyst)

Røysta mot parti: V (1 røyst)

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 13/2024 Politisk deltaking i KPA-arbeidet:

Dagens plan og kommunalteknisk utval har funksjon som politisk arbeidsgruppe i KPA-Arbeidet.

PS 14/24 Årets Ostring

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 14/2024 Årets Ostring:

Innstilling frå formannskapet

Kulturprisen endrar namn til Årets Ostring. Retningslinjer for tildeling vert vedteke slik dei ligg føre. Kommunedirektøren får i oppdrag å sette ned ein komité på tre personar som skal lyse ut og gjennomføre ein konkurranse for å utforme ein fysisk pris. Endring av kriterier: - Prisvinnaren må vere busett i/ ha sterk tilknytning til Osterøy kommune - Prisvinnaren har gjort ein innsats for lokalsamfunnet - Prisvinnaren har gjort ein innsats for fleire grupper og på fleire område - Det er mogeleg å vise til konkrete døme for korleis prisvinnaren har påverka lokalsamfunnet positivt - Prisvinnaren bør ha gjort ein innsats innan frivillig arbeid, men andre faktorar (som innsats i næringslivet) kan vere ein tilleggsfaktor. Der ein næringslivseigar er aktuell for prisen, bør denne hatt eit lokalsamfunnsfokus utover bedrifta. - Prisvinnaren har bidrege til å sette Osterøy på kartet. Endring av form for pris: Prisen vert ein fysisk pris.

Votering

Forslaget vart samrøystes vedteke

Endringsforslag Frå Sebastian Andre Haugland (H)

Prisen blir ein prissum.

Votering

Forslaget vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 14/2024 Årets Ostring:

Kulturprisen endrar namn til Årets Ostring.

Retningslinjer for tildeling vert vedteke slik dei ligg føre. Kommunedirektøren får i oppdrag å sette ned ein komité på tre personar som skal lyse ut og gjennomføre ein konkurranse for å utforme ein fysisk pris.

Endring av kriterier:

- Prisvinnaren må vere busett i/ ha sterk tilknytning til Osterøy kommune**
- Prisvinnaren har gjort ein innsats for lokalsamfunnet**
- Prisvinnaren har gjort ein innsats for fleire grupper og på fleire område**
- Det er mogeleg å vise til konkrete døme for korleis prisvinnaren har påverka lokalsamfunnet positivt**

- Prisvinnaren bør ha gjort ein innsats innan frivillig arbeid, men andre faktorar (som innsats i næringslivet) kan vere ein tilleggsfaktor. Der ein næringslivseigar er aktuell for prisen, bør denne hatt eit lokalsamfunnsfokus utover bedrifta.

- Prisvinnaren har bidrege til å sette Osterøy på kartet.

Endring av form for pris: Prisen blir ein prissum.

PS 15/24 Supplering av medlem/varamedlem for FRP til formannskapet 2023-2027

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 15/2024 Supplering av medlem/varamedlem for FRP til formannskapet 2023-2027:

Nytt forslag Frå Kim Andre Hartveit (FrP)

ragnar tyssebotn vert nytt fast medlem
kurt ove øksnes vert nytt siste vara

Votering

Totalt 12 røyster for, 15 røyster mot.

Røysta for parti: FrP (6 røyster), H (4 røyster), INP (2 røyster)

Røysta mot parti: SV (1 røyst)

Røysta blankt parti: SP (7 røyster), AP (4 røyster), KrF (2 røyster), V (1 røyst)

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 15/2024 Supplering av medlem/varamedlem for FRP til formannskapet 2023-2027:

ragnar tyssebotn vert nytt fast medlem
kurt ove øksnes vert nytt siste vara

PS 16/24 Supplering av varamedlem for FRP til plan- og kommunalteknisk utval 2023-2027

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 16/2024 Supplering av varamedlem for FRP til plan- og kommunalteknisk utval 2023-2027:

Nytt forslag Frå Kim Andre Hartveit (FrP)

ingunn vedå vert nytt siste varamedlem

Votering

Forslaget vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 16/2024 Supplering av varamedlem for FRP til plan- og kommunalteknisk utval 2023-2027:

ingunn vedå vert nytt siste varamedlem

PS 17/24 Val av nytt ungdomsråd

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 17/2024 Val av nytt ungdomsråd:

Innstilling frå kommunedirektøren

Heradsstyret vel representantane som er innstilt frå idrettsrådet og kulturrådet, og tar resultatet frå skulevala til orientering. Vararepresentant for kulturrådet blir valt på neste heradsstyremøte.

Votering

Forslaget vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 17/2024 Val av nytt ungdomsråd:

Heradsstyret vel representantane som er innstilt frå idrettsrådet og kulturrådet, og tar resultatet frå skulevala til orientering. Vararepresentant for kulturrådet blir valt på neste heradsstyremøte.

PS 18/24 BIR AS - Val av kandidat til styret, bedriftsforsamlinga og klagenemnd for perioden 2024-2028

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 18/2024 BIR AS - Val av kandidat til styret, bedriftsforsamlinga og klagenemnd for perioden 2024-2028:

Fleirtalsinnstilling frå valnemnd

For Osterøy kommune vert:

Kari Foseid Aakre vald som kandidat til styret i BIR AS,

Lars Fjeldstad med **Roald Waldemar Martinsen** som vara vald som kandidat til BIRs bedriftsforsamlinga,

Kim Andre Hartveit med **Ragnar Tyssebotn** som vara vald fram som kandidat til BIRs klagenemnd.

Votering

Totalt 24 røyster for, 3 røyster mot.

Røysta for parti: SP (7 røyster), FrP (6 røyster), AP (4 røyster), H (4 røyster), SV (1 røyst), V (1 røyst), INP (1 røyst)

Røysta mot parti: KrF (2 røyster), INP (1 røyst)

Røysta for personar: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Helene Oppedal Flølo (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Stian Torp (INP), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Roy Håkon Jenssen (SV), Odd Roald Ravndal (V)

Røysta mot personar: Roy Husebø (INP), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF)

Mindretalsinnstilling frå valnemnd

For Osterøy kommune vert:

Jarle Skeidsvoll vald som kandidat til styret i BIR AS,

Lars Fjeldstad med **Roald Waldemar Martinsen** som vara vald som kandidat til BIRs bedriftsforsamling

Kim Andre Hartveit med **Ragnar Tyssebotn** som vara vald fram som kandidat til BIRs klagenemnd.

Votering

Totalt 3 røyster for, 24 røyster mot.

Røysta for parti: KrF (2 røyster), INP (1 røyst)

Røysta mot parti: SP (7 røyster), FrP (6 røyster), AP (4 røyster), H (4 røyster), SV (1 røyst), V (1 røyst), INP (1 røyst)

Røysta for personar: Roy Husebø (INP), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll

(KrF)

Røysta mot personar: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Helene Oppedal Flølo (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Stian Torp (INP), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Roy Håkon Jenssen (SV), Odd Roald Ravndal (V)

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 18/2024 BIR AS - Val av kandidat til styret, bedriftsforsamlinga og klagenemnd for perioden 2024-2028:

For Osterøy kommune vert:

Kari Foseid Aakre vald som kandidat til styret i BIR AS,

Lars Fjeldstad med **Roald Waldemar Martinsen** som vara vald som kandidat til BIRs bedriftsforsamlinga,

Kim Andre Hartveit med **Ragnar Tyssebotn** som vara vald fram som kandidat til BIRs klagenemnd.

PS 19/24 Val av representant til landstinget for nynorskkommunar

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 19/2024 Val av representant til landstinget for nynorskkommunar:

Innstilling frå valnemnd

For Osterøy kommune vert **Alexander Thunestvedt** vald som utsending til landstinget for nynorskkommunar.

Voting

Forslaget vart samrøystes vedteke

Nytt forslag Frå Bjarte Hammer Aarland (KrF)

Helga Mjelstad vert utsending.

Voting

Forslaget vart samrøystes vedteke

Nytt forslag Frå Ordførar Lars Fjeldstad (SP)

Kommunedirektøren får fullmakt til å peike ut ein frå **administrasjonen**

Voting

Forslaget vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 19/2024 Val av representant til landstinget for nynorskkommunar:

For Osterøy kommune vert **Alexander Thunestvedt** vald som utsending til landstinget for nynorskkommunar.

Helga Mjelstad vert utsending.

Kommunedirektøren får fullmakt til å peike ut ein frå **administrasjonen**

PS 20/24 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Handsaming i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 20/2024 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Sigmund Faugstad, FRP, hadde slikt spørsmål: Finst det kriseplan for at elevar kjem seg heim til Bruvik innanfor normal tid og på normal måte med buss ved ras.

Ordføraren svarte.

Sigmund Faugstad, FRP, hadde slikt spørsmål: Er det riktig at det fortsett står eit skilt om bompengar på Njåstad ved sakslivegen, i så fall må det takast ned.

Ordføraren svarte.

Kommunedirektøren følger saka opp og kjem attende til heradsstyret med informasjon.

Vedtak i Heradsstyret - 21.02.2024 av sak 20/2024 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Det var ikkje fatta noko vedtak i denne saka